


Møtereferat

Møtetittel: Samarbeidsmøte Sju- stjerna og Helseføretak – Covid 19
Møtenummer: 1/2020
Møteleiar: Mona Ryste
Referent: Gro Anette Frøystad Voldsund og Mona Ryste

Dato: 18.03. 2020
Tidspunkt: Kl. 10 00 - 1100
Stad: Skype


	Namn	Møtt
Representantar	Stian Endresen, PKO	X
	Gro – Anett Voldsund; Koordinator Sju stjerna	X
	Karsten Vingen, Hareid	-
	Inger Lise Kaldhol, Volda	X
	Norunn K. Elde, Ulstein	X
	Asta Sileikiene, Sande	X
	Kristian Gottliebsen, Herøy	-
	Cecilie Oppegår, Vanylven	X
	Unni Natås, Ørsta	X
	Randi Revheim, Klinik Volda	X
	Jon Hjorthaug, Klinik Volda	X
	Rune Heggedal, Klinik Volda	X
	Unni Skare, Fagavdelinga	X
	Hallgrim Myklebust	X
	Knut Nautvik, Klinik Volda	X
	Palma Hånes, Klinik Volda	X
	Mona Ryste, Klinik Volda	X
Andre deltakarar		

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Tidslinje
Velkomen og opprop	Mona ønskte velkomen og understrekte kor viktig god samhandling vil vere framover. Innkallingslista var OK. Det er ønskeleg med vara slik at alle kommunane er	Mona Ryste	Møte ondag frå 1000 – 1100 inntil vidare. Meld opp aktuelle saker til møta




Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Tidslinje
	representerte. Rådmann frå vertskommune til sjukehuset vert kalla inn til neste møte. Møta vert på skype utan at vi nyttar kamera (grunna tekniske problem).		
Situasjonsbilete i kommunane	<p><u>Sande kommune:</u> 22 testa, ingen påvist smitte. Forsøker dele helsetenesta i to for å skilje smitte frå andre sjuke. Karantene for alle som har vore utanfor Møre og Romsdal.</p> <p><u>Volda Kommune:</u> 61 testa, ingen påvist smitte. Felles teststasjon med sjukehuset i Volda. Lang responstid i Molde. På grunn av kritisk personell er det også testa i helga. Det vert ikkje nytta lege til testing, men opplært eige personell.</p> <p>KAD: helst ikkje smitte inn på sjukeheim. Planlegg kohort- isolering saman med Ørsta, ved nedlagte omsorgsbustadar (Mork).</p> <p>Legevakt: Jobbar med å skilje luftvegsutfordringar frå andre utfordringar.</p> <p><u>Ørsta kommune:</u> 44 testar denne veka,</p>	<p>Asta Sileikiene</p> <p>Inger Lise Kaldhol</p> <p>Unni Natås</p>	




Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Tidslinje
	<p>ventar svar. 4 påvist smitte (utlandet). Teststasjon måndag til fredag utanfor legesenteret. Skilje personal ved legesenter for å unngå smitte for alle samtidig.</p> <p><u>Herøy kommune:</u> Kjenner ikkje nøyaktig tal testar, men ingen påvist smitte. Fordel med to separate legesenter denne perioden. Teststasjon utanfor legesenter.</p> <p><u>Vanylven kommune:</u> 10 testar, ingen påvist smitte. Teststasjon i nedlagt lagerbygg. Høg andel eldre, og begrensa tilgang på helsepersonell. Fysisk stengt legekantor, ein lege heime til ei kvar tid. Sårbart å stå utanfor interkommunal legevakt no. Vil truleg bli tatt kontakt i høve dette.</p> <p><u>Ulstein kommune</u> Testa ca 40. 2 påvist smitta (utlandet) Daglegevakt har eigen infeksjonspost, og det er to legar på vakt. Mykje videokonsultasjon. Teststasjon er isolert frå resten. Helsesjukepleiar testar.</p>	<p>Gro –Anette Voldsund</p> <p>Cecilie Oppegår</p> <p>Norunn Kirkebø Elde</p>	<p>Stian følgjer opp spm. om legevaktssamarbeid</p>
Situasjonsbilete i HF	Palma orienterte om situasjonsbilete HMR, Volda	Palma Hånes	




Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Tidslinje
	sjukehus, Status Volda sjukehus, utfordringar og om legevaktspilot dei neste 14 dagane (jf. presentasjonen i vedlegg)		
Situasjonsbilete i psykiatrien	Halgrim orienterte om følgjande: Stengt for publikum. Kapasitets utfordringar frå før. Nyttar heimekontor og telefonkontakt der det let seg gjere. Det vert tatt kontakt med nyttilviste, og gjort avtalar. Utset det som kan vente. Halgrim fekk spm. om legar i psykiatrien kan vere aktuelle for legevakt. NB! Det vart vist til utfordringar/pålegg om ikkje å arbeide både i kommune og sjukehus.	Hallgrim Myklebust	Hallgrim følgjer opp om dei har legeressursar som kan bidra ved legevakt. Tilbakemelding så raskt som mogleg
Situasjonsbilete intensiv	Mange tilsette i karantene, men ventar først trykket om nokre veker. Vurderer opplæring av andre legar til respirator og intensivbehandling. Nok sengeplassar, men kan bli utfordrande med nok personell.	Rune Heggedal	
Overføring av poliklinikk til nettbaserte løysingar	Kan føre til behov for fleire blodprøver ute i kommunane, rekvirert av behandlar i spesialisthelsetenesta. Fekk tilbakemelding om at kommunane ville strekke seg langt for å få til dette.		
Fungerer henvisning	Opplever at det fungerer		



Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Tidslinje
til innlegging via LIS 2	fint. Sjukehuslegar meldar om gode vurderingar og god informasjon.		
Innleggingskriterier	<p>Sjukehuset set stor pris på avklaring om smitte <i>før</i> innlegging. Utfordrande med tanke på testkriteriar og responstid for testing, men prøvar så godt det let seg gjere.</p> <p>Det vart vist til samhandling mellom førsteline og St. Olavs når det gjeld retningsliner for innlegging frå sjukeheim til sjukehus. St. Olavs har sendt ut skriv til kommunane ang. dette. Det var meldt frå ei kommune at dette er ønskeleg her også.</p> <p>Ifølge Stian held føretaket sentralt på å utarbeide noko liknande</p> <p>Påminning om palliative planar i innleggingsrapport. Viktig at sjukeheimane har fokus på bruk av palliative planar då planane er god og viktig beslutningsstøtte for legar.</p>	Stian Endresen	Oppfølgingspunkt på neste møte
Smittevern utstyr	Kritisk i sjukehus. Umogleg å få tak i utstyr. Mange tilbyddarar, men må fylgje krava til helsevesenet.		



Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Tidslinje
	<p>Utfordrande å vite kor stort lager ein bør ha.</p> <p>Det kjem truleg nasjonale føringar om å gi utstyr til dei som til ei kvar tid treng det mest.</p> <p>Halde fram med siling i høve testing. Veldig stort trykk på analysekapasitet.</p> <p>Ulstein kommune har skaffa 500 smittekleddressar frå privat leverandør</p>		